

Prop. 110 S

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Investeringar i Forsvaret

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 15. april 2016,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Føremålet med denne proposisjonen er å be om Stortinget si godkjenning til å starte opp tre nye investeringsprosjekt og å orientere Stortinget om eit anna prosjekt.

Utgangspunktet for godkjenning av investeringsprosjekta i Forsvaret er dei årlege budsjettproposisjonane (Prop. 1 S). Denne proposisjonen fyller såleis ut budsjettproposisjonen.

Proposisjonen har følgjande innhald:

- Godkjenning av kostnadsramme for tre nye eigedoms-, byggje- og anleggsprosjekt: *Ørland – nytt forsyningslager for F-35, Ørland – kjøp av Hårberg skule frå Ørland kommune og Ørland – nye forlegningar for befal og verva.*
- Sak til informasjon: *Logistikkprosjektet i LOS-programmet.*

2 Nye eigedoms-, byggje- og anleggsprosjekt for godkjenning

2.1 Ørland – nytt forsyningslager for F-35-flya

Stortinget vedtok, gjennom handsaminga av Innst. 388 S (2011–2012), jf. Prop. 73 S (2011–2012) *Et forsvar for vår tid*, å etablere hovudbasen for Forsvaret sine nye kampfly ved Ørland hovudflystasjon. Nytt forsyningslager for F-35-flya er eit viktig prosjekt for etableringa av kampflybasen.

Forsyningslageret må stå ferdig til mottak av dei første F-35-flya på norsk jord hausten 2017.

Prosjektet omfattar bygging av nytt forsyningslager for F-35-flya med tilhøyrande infrastruktur og tomteopparbeiding. Lageret skal støtta vedlikehald på F-35-flya med naudsynte delar til flya. Forsyningslageret vil inngå i det internasjonale nettverket for forsyningsbehaldningar for F-35-flya, som totalt sett skal understøtta den samla flyparken til dei landa som samarbeider om forsyningsløysinga. Forsyningslageret er delt i soner for å oppfylle gjevne krav til tollsoner og sikringskrav. Lageret si lokalisering sikrar kort veg frå mottak av materiellet via lagring til leveransar av delar til F-35-flya. Dette vil understøtta ein effektiv flytimeproduksjon og bidreg til god operativ kapasitet for kampflyvåpenet. Vidare er det behov for å skaffe til veie innreiing og lagerutrusting til bygget.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 177 mill. kroner inkl. mva., innreiing og ei avsetjing for usikkerheit. Styringsramma for prosjektet er 149 mill. kroner.

2.2 Ørland – kjøp av Hårberg skule frå Ørland kommune

Kommunal- og moderniseringsdepartementet stadfesta 10. august 2015, ved handsaminga av Forsvarsbygg si innvending til reguleringsplan for Ørland hovudflystasjon, at det er eit sakleg vilkår å krevja nedlegging av skuleverksemda ved Hårberg skule før F-35-flya kan takast i bruk på Ørland haus-

ten 2017. For å imøtekoma dette kravet er det einaste verkelege alternativet at Forsvarsdepartementet kjøper Hårberg skule. Det gjer det mogeleg for Ørland kommune å flytte undervisninga og gje elevar og tilsette eit godt miljø for læring og utvikling.

Det er gjennomført forhandlingar mellom Forsvarsbygg og Ørland kommune om kjøp av eige- domen. Kjøpesummen for Hårberg skule er basert på kostnadane Ørland kommune vil få ved etablering av ein ny barneskule med 280 elevar på ei ny tomt, fråtrekt reduserte kostnader til å forvalte, drifte og vedlikehalde ein ny skule. Ørland kommune aksepterte i kommunestyrehandsaminga av saka 17. desember 2015 tilbodet frå Forsvarsbygg om å kjøpe Hårberg skule for 100 mill. kroner.

Prosjektet vil sikre at både noverande og framtidige elevar og lærarar ved barneskulen på Brekstad får gode rammevilkår for læring, og eit godt undervisningsmiljø både innandørs og utandørs. Fram til ein ny skule er ferdig, er det avtalt at Ørland kommune får leige Hårberg skule av Forsvarsbygg.

Hårberg skule ligg godt plassert for å kunne innlemmast i flystasjonen si eigedomsmasse på Ørland. Kva for funksjonar som kan bruka bygget må nærare greiast ut, men det er nærliggjande å sjå på verksemda til Forsvarsbygg, velferdstenesta, vaksenopplæringa, idrett, kantine, osv. Dette er funksjonar som i dei næraste åra uansett treng nye og betre fasilitetar ved Ørland hovudflystasjon.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 105 mill. kroner inkl. mva., og ei avsetjing for usikkerheit. Styringsramma for prosjektet er 104 mill. kroner.

2.3 Ørland – nye forlegningar for befal og verva

Prosjektet for etablering av nye forlegningar for befal og verva på Ørland er tidlegare lagt fram for avgjerd i Stortinget gjennom Prop. 18 S (2015–2016). I framlegginga av prosjektet gjennom Prop. 18 S (2015–2016) vart eit tilhøyrande forslag til vedtak utegløymt frå Forsvarsdepartementet si side. Ved Stortinget si handsaming av Innst. 112 S (2015–2016) vart det difor ikkje gjort eit formelt vedtak om å setje i gang prosjektet. Forsvarsdepartementet har difor vald å leggje fram prosjektet på nytt i denne proposisjonen.

Stortinget vedtok, gjennom behandlinga av Innst. 388 S (2011–2012), jf. Prop. 73 S (2011–2012) *Et forsvar for vår tid*, å etablere hovudbasen for Forsvaret sine nye kampfly ved Ørland hovudflystasjon. Vidare vart det vedteke å flytta Luftfor-

svaret sin styrkeproduksjon knytt til luftvern og basesett til Ørland. Endringane inneber at det er naudsynt å tilpassa tilbodet av bustad og kvarter til befal og verva personell på Ørland. Ei kartlegging av status på eksisterande forlegningar og framtidig behov viser at talet på befalskvarter må aukast med om lag 150 bueiningar.

Opptrappinga av tilbodet for kvarter vert gjennomført i fleire trinn, tilpassa personellplanen for Luftforsvaret ved Ørland hovudflystasjon samt tilgjengelege investeringsmidlar for eigedom, bygg og anlegg. Trinn 1 for bygging av nye befalskvarter er difor planlagt ferdig i løpet av 2017. Resterande kvarterbehov vert planlagt ferdigstilt i 2020.

Prosjektet for etablering av trinn 1 for nye befalskvarter på Ørland omfattar bygging av ei forlegning med til saman 50 bueiningar i nærleiken av eksisterande befalsforlegningar og spise- messa ved Ørland hovudflystasjon. Prosjektet er viktig for å vidareføre Ørland hovudflystasjon som ein framtidsretta og attraktiv arbeidsplass. Løysninga er basert på tilsvarande byggjepro- sjekt under gjennomføring på Bardufoss og Setermoen for å halde kostnadane til prosjekte- ring låge.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 113 mill. kroner inkl. mva., innreiking og ei avsetjing for usikkerheit. Styringsramma for prosjektet er 97 mill. kroner.

3 Sak til informasjon

3.1 Logistikkprosjektet i LOS-programmet

LOS-programmet i Forsvaret inneheld fleire pro- sjekt for å etablere eit felles integrert forvaltings- system i Forsvaret (FIF). Logistikkprosjektet, som er det tredje og siste store prosjektet i pro- grammet, vart godkjend ved Stortinget si handsa- ming av Innst. S. nr. 317 (2007–2008), jf. St.prp. nr. 55 (2007–2008). Logistikkprosjektet skal gje For- svaret ei fullstendig logistikk-løysing for prosessar innanfor materiellinvestering, konfigurasjons- styring, vedlikehald og avansert forsyning. Med denne logistikk-løysinga vil forvaltingssystemet kallast FIF 3.0. Elles vert det synt til Stortinget si handsaming av Innst. 490 S (2012–2013), jf. Prop. 136 S (2012–2013), der leveransane i prosjektet vart delt opp i tre delar, samt Innst. 7 S (2015–2016), jf. Prop. 1 S (2015–2016), der det vart gjort greie for status i P2814 Logistikkprosjektet. Under handsaminga av budsjettproposisjonen for 2016 uttrykte ein samla Utanriks- og forsvars- komite følgjande:

«Komiteen merker seg de betydelige utfordringene det gjennom flere år har vært knyttet til forsinkelser og kostnadsøkninger i logistikkprosjektet i LOS-programmet i Forsvaret, og registrerer at første del av Logistikkprosjektet nå innføres fra 1. januar 2016. Videre har komiteen forventninger til prosjektets effekt på bl.a. materiellinvesteringer, vedlikeholdssystemer, forsyning og økonomistyring i FLO. Komiteen viser til beslutningen om å opprette en ny materielletat under Forsvarsdepartementet, og viser videre til betydningen av at man lykkes i å koordinere prosjektinnføringen med etableringen av den nye etaten.»

Første del av Logistikkprosjektet vart innført 4. januar 2016, og vil halde fram med innlegging av materiellsystem gjennom heile 2016. Så langt er det avdekt få feil i løysinga. Målet er at logistikk-løysinga og den resterande delen av FIF mest mogeleg effektivt kan takast i bruk og av den nye etaten og skape synergier i samarbeidet med Forsvaret i framtida.

Som synt til i omtalen i Innst. 7 S (2015–2016) er det endå to delprosjekt som opphøveleg er planlagt starta opp i 2016 og 2017. Basert på innspel frå Forsvaret er det gjort ei ny vurdering med omsyn til den vidare framdrifta.

Opprettinga av Forsvarsmateriell (FMA) gjer det naudsynt å sjå på endringar i FIF når det gjeld fordeling av roller og ansvar samt ein gjennomgang av prosessmodellen. I tillegg er det gjort fleire endringar innafor logistikkverksemda som inneber at kravdokumentet frå 2008 ikkje lenger speglar dagens krav. Til sist er det kome ny SAP-teknologi som, dersom den vert teken i bruk, gjer at FIF kan verte meir brukarvenleg og enklare å drifte. Forsvaret tilrår difor at dei to resterande delleveransane i prosjektet vert avbestilte og at ein heller nyttar ressursane på å avklare ei FIF-løysing for framtida. Prioriterte delar av funksjonaliteten som ligg i dei to avbestilte delleveransane vil det vera mogeleg å innføre seinare basert på oppdaterte krav.

I det pågåande arbeidet med å avbyråkratisere og effektivisere forsvarssektoren, er det peika på at det er gevinstar å hente innafor IKT-området. Eit av dei føreslåtte tiltaka er å redusere porteføljen av administrative IT-system og gjere fleire av dagens system sektorovergripande, mellom anna FIF. Det er difor teke inn i iverksetjingsbrevet for sektoren at det skal vurderast å gjere FIF sektorovergripande, spesielt innafor rekneskap, løn og personell.

Prosjekt 2814 Logistikkprosjektet har vart i fleire år, og har hatt ei rekkje utfordringar undervegs. Med innføringa av delleveranse 1, vil nesten alle materiellsystema verta lagde inn i FIF, og Forsvaret kan omsider fase ut fleire av dei ulike IT-systema i Hæren, Sjøforsvaret og Luftforsvaret. Dette var hovudmålsettinga med etableringa av program Golf i 2001.

På bakgrunn av dette vil departementet avslutte Logistikkprosjektet etter at delleveranse 1 er ferdig i 2017. Det inneber òg at LOS-programmet i Forsvaret vil verte lagt ned som eigen avdeling etter at Logistikkprosjektet er avslutta.

Det er framleis viktig å halde fast ved den etablerte FIF-strategien der flest mogleg system skal inn i FIF, og nytte mest mogeleg standard SAP som programvare. Etatanen i forsvarssektoren vil òg i framtida ha behov for modernisering, effektivisering og digitalisering av forvaltingsprosessar. Det må difor etablerast styringsmekanismer som sikrar at vidareutviklinga av forvaltningssystem skjer innafor FIF-strategien. FD vil difor vektlegge å bevare og vidareføre den kompetansen som er opparbeidd i LOS-programmet i Forsvaret og FMA etter at Logistikkprosjektet og LOS-programmet vert avslutta.

Prosjektet si prisjusterte kostnadsramme (post 45) er 885 mill. kroner. Regjeringa vil kome attende med ei nærmare utgreiing av måloppnåing, erfaringar med gjennomføringa og gevinstar ved avsluttinga av prosjektet i 2017.

Forsvarsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget
om investeringar i Forsvaret.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget vert bede om å gjere vedtak om investeringar i Forsvaret i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om investeringar i Forsvaret

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i
2016 kan

- starte opp nye investeringsprosjekt omtala i
kapittel 2 *Nye eigedoms-, byggje- og anleggs-*

prosjekt for godkjenning i den framlagde propo-
sisjonen, innanfor dei gjevne kostnadsram-
mene.